

Sak 4: Rekneskap for 2021 og budsjett for 2022

Institutttrådsmøte 2. februar 2022

Institutt for framandspråk

Universitetet i Bergen

Framlegg til vedtak: Institutttrådet tek til vitende rekneskapen for 2021 og vedtek driftsbudsjettet (GA) for instituttet i 2022.

	UT	Regnskapstal 2021 (til samanlikning)
Overførte tildelingar frå 2021		
Retildelingar	0	37 513
Sum	0	37 513
Løyvingar frå HF/UiB mm		
Resultatmidlar inkl. programsensur	-2 207 000	
Delfinansiering av Fulbright H21	-95 000	
Delfinansiering Sasakawa-stilling (50 % av indirekte kostnader)	-135 000	
Delfinansiering MSCA-Vetulae (75 % av indirekte kostnader)	-203 000	
Delfinansiering TMS (50 % av indirekte kostnader)	-217 000	
Styreleiar Holberg, frikjøp av Fløttum	-268 000	
Institutt drift per stipendiat	-60 000	
Undervisningsassistentar	-166 000	
Undervisningsassistentar (pandemimidler)	-376 000	
Støtte til Caen-undervisning	0	
Vikarmidlar engelsk-stilling V22	-170 000	
Vikarmidlar for insttuttleiar (1.1-1.3)	-211 000	
FUND, Birger Solheim	-50 000	
Arqus, Åse Johnsen	-15 000	-25 000
Overføring driftsmidler Åse Johnsen, Tolking i offentlig sektor	-50 000	
Likestillingsmidler, Brita Bryn	-90 000	
Seminar klima og energi, Øyvind Gjerstad	-18 500	-18 500
CUNP, Runa Falck	-22 500	0
Små driftsmidler	-314 000	
Korona-relatert: 2 (x 20 prosent attåtstillingar engelsk)	-246 000	
Korona-relatert: støtte til japansk-emne	-150 000	
Sum	-5 064 000	
BOA-påverknad		
Sum frikjøp	-528 692	-1 396 244
Sum overhead	-919 362	-1 099 362
Overføring frå prosjekt for tolking i offentlege tenster (Johnsen)	-120 000	
Sum	-1 568 054	-2 495 606
Institutt drift		
Diverse inntekter	-30 000	-40 138
Varekostnader (investering, m.a. datautstyr)	185 000	177 555

Personalkostnader (gåver mm)	190 000	184 457
Drift (bøker, reiser, møte, inventar mm)	550 000	450 737
Interne transaksjonar (telefon, kopi, data)	240 000	220 993
Sum	1 135 000	993 604
Ekstraordinære poster i hovudsak ført på annuum		1 015 489
Vikarar, toarstillingar, sensorar o.a. lønnskostnader		
Arabisk, undervisning	0	17 442
Engelsk, undervisning (inkl. Fulbright og toarstillingar)	850 000	1 155 161
Fransk, undervisning	750 000	830 315
Italiensk, undervisning	250 000	357 546
Japansk, undervisning (inkl. faste 10-prosentstillingar og Sasakawa)	150 000	367 702
Kinesisk, undervisning	0	176 067
Russisk, undervisning	570 000	128 065
Spansk, undervisning	650 000	727 402
Tysk, undervisning	250 000	532 257
Andre mellombelse tilsetjingar/honorar	90 000	92 049
Undervisningsassistentar (ulike fag)	166 000	233 511
Undervisningsassistentar (ulike fag), pandemipengar	376 000	
Programsensur	65 000	63 045
Eksamenssensur	1 000 000	807 489
Sum	5 167 000	5 453 167
Forskningsstøtte mm		
Forsknings- og publiseringsstøtte	400 000	351 833
Påskjøning for publisering	0	0
Individuelle driftsmidlar (3000 per person)	85 000	288 258
Driftsmidlar instituttleiar	110 000	37 017
Driftsmidlar forskningskoordinator	20 000	885
Driftsmidlar undervisningskoordinator	20 000	5 626
FUND, Birger Solheim	50 000	
Arqus, Åse Johnsen	15 000	
Tolking i offentlig sektor, Åse Johnsen	50 000	
Seminar, Øyvind Gjerstad	18 500	
CUNP, Runa Falck	22 500	
Forskarskular	35 000	35 000
Sum	826 000	718 619
HMS, studentstøtte, utvikling o.a.		
Administrativ kompetanseutvikling	15 000	0
HMS-tiltak (inkl. heimekontor, semesteravsl.)	0	0
Fagutval, studentarrangement	20 000	2 128
Feltarbeid masterstudentar	30 000	0
Fagleg utviklingsarbeid (Redesign mm)	0	0
Gjesteforelesarar	25 000	10 970
York Studiesenter	40 000	39 880
Erasmus reiser ansatte	-20 616	20 616
Sum	109 384	73 594
Overført frå oppsamla overskot på GP (vidareutdanninga)	-605 330	
TOTALT	0	5 796 380

Budsjettet over viser annuum (GA) ved institutt for framandspråk. Det inkluderer altså ikkje dei interne prosjekta våre (GP), heller ikkje dei eksternfinansierte prosjekta (BOA). Dei faste stillingane ved instituttet er heller ikkje inkluderte her sidan desse ligg på fastlønsbudsjettet ved fakultetet og er styrt av den felles bemanningsplanen ved HF.

GA ved instituttet er svært stramt i 2022, og vi får det ikkje til å gå opputan å trekkja inn ein stor sum av oppsamla overskot frå vidareutdanninga ved instituttet (GP). Det er tre viktige grunnar til at budsjettet er stramt. For det første er tildelingane frå fakultetet redusert i samanlikna med 2021 (jf. sak 3C på instituttrådsmøtet 8.12.2021). Dernest må vi rekna med ei normalisering av utgiftsnivået på ein del postar der vi har hatt lite utgifter under pandemien, slik som reiser og arrangement. For det tredje brukar instituttet det meste av GA til vikarar, ulike andre mellombelse stillingar og sensurkostnader. Det er budsjettert med nesten fem millionar på denne posten i 2022. Dette er ikkje noko nytt, slik har det vore ved IF i fleire år, men det gjer at vi har svært lite å gå på når vi får trongare økonomi på GA.

Nedanfor følgjer kommentarar til enkelte av hovudkategoriane i budsjettet. Det er lagt til grunn i budsjettet at den minussen instituttet hadde ved utgangen av 2021, blir nulla ut og ikkje overført til 2022. Det dreier seg om litt over 100 000 kroner. Instituttet la heilt fram til midten av januar i år til grunn at vi hadde fleire hundretusen i overskot ved utgangen av 2021, men på grunn av ei feilføring viste dette seg å ikkje stemma.

Løyvingar frå HF/UiB mm: Summen som kompenserer for instituttleiar januar-mars er ikkje avklara, og kan bli lågare.

Institutt drift: Enkelte postar her vil vera på eit noko høgare nivå i 2022 enn i pandemiåret 2021. Utgiftene til institutt drift i 2022 er budsjettert stramt.

Vikarar, toarstillingar, sensorar o.a. lønskostnader: IF brukar svært mykje av driftsbudsjettet sitt til ulike mellombelse tilsetjingar. Vi har undervisningskrevjande fag med få tilsette. Det fører til at vi har store utgifter til vikarar og liknande for at undervisninga skal gå rundt. Det budsjettet som er skissert her for 2022, er krevjande og kan bli vanskeleg å halda. Her er det lagt til grunn at vi stort sett ikkje brukar noko meir til hausten enn det vi allereie har forplikta oss til no i vår (bortsett frå til undervisningsassistentar). Unntaket her er sjølv sagt om vi får nye midlar tilført knytt til sjukmeldingar eller frikjøp som vi ikkje kjenner til enno.

Forskningsstøtta er òg stramt budsjettert. Instituttstøtta til forskning og publisering (400 000) er brukt opp i desembertildelinga. I dette budsjettframlegget er òg påskjøningsmidlane for publiseringspoeng kutta heilt (budsjettert med 150 000 kroner i 2021). Det er likevel eit lyspunkt at det er varsla ei ekstra Meltzer-utlysing i vår, og det er viktig at vitskapleg tilsette sender søknader til denne utlysinga.

Overført frå oppsamla overskot på GP: Instituttet har ved utgangen av 2021 eit oppsamla overskot frå vidareutdanninga på litt under ein million. Ein stor del av dette er altså lagt inn i driftsrekneskapen vår i 2022 for å få rekneskapen til å gå i balanse.